

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
097/21	Formannskapet	PS	17.11.2021
104/21	Heradsstyret	PS	08.12.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	21/2958

Søknad om permisjon frå folkevald

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak

Formannskapet - 097/21

FS - behandling:

Ordføraren sitt framlegg:

"Permisjonen vert innvilga og representanten vert mellombels erstatta ved opprykksprinsippet som beskrive i saksframlegget i permisjonsperioden."

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Permisjonen vert innvilga og representanten vert mellombels erstatta ved opprykksprinsippet som beskrive i saksframlegget i permisjonsperioden.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Ellinor Therese Birkeland, FRP, har søkt om permisjon for neste kvartal, fram til 1. april 2022, grunna helsemessige orsakar med eit uavklart omfang.

Ho søker permisjon frå sine verv som medlem for FRP i formannskapet og heradsstyret og som 1. varamedlem for FRP i Plan- og kommunalteknisk utval.

Vurdering

Jf. kommunelova § 7-9

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om

grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Dersom det vert gjeve fritak er det naturleg at sidan dette berre gjeld for ein kort periode vil ein forflytte 1.vara i formannskap og heradsstyret for FRP og 2. vara i plan- og kommunalteknisk utval for FRP eit hakk opp.

I så tilfelle vil det verte slik:

- Formannskapet: Henrik Øksnes vert fast medlem i permisjonsperioden
- Heradsstyret: Bjørn Kato Melchersen vert fast medlem i permisjonsperioden
- Plan- og kommunalteknisk utval: Ragnar Tyssebotn vert 1. vara i permisjonsperioden

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet med innstilling til heradsstyret